



DET KONGELIGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/3001-

26.08.2024

Kontantstøtte - om utilsikta konsekvensar av endringane i kontantstøtta frå 1. august 2024

Ved lov 14. mai 2024 nr. 21 er det gjort endringar i kontantstøttelova som tok til å gjelde frå 1. august 2024. Kontantstøtteperioden er redusert frå elleve til sju månadar. Familiar har no, etter nytt regelverk, rett til kontantstøtte frå barnet er 13 månader til og med den månaden barnet blir 19 månader, dersom dei ikkje nyttar seg av barnehage med offentleg driftsstøtte.

I samband med iverksetjinga av lovendringa er det oppdaga at lovendringa har konsekvensar som ikkje har vore tilsikta, og som Stortinget ikkje har vore opplyst om.

Eg vil med dette brevet informere Familie- og kulturkomiteen om dei utilsikta konsekvensane av endringa i kontantstøttelova, og korleis eg legg opp til å rette dei opp.

Om bakgrunnen for saka

I Prop. 43 L (2023-2024) la regjeringa fram forslag om å redusere kontantstøtteperioden med fire månadar, frå elleve månader til sju månader, som Stortinget vedtok, jf. Innst. 237 L (2023-2024). I den samanheng blei òg kontantstøttelova § 8 om støtteperioden endra. Ordlyden i kontantstøttelova § 8 første ledd før endringane tok til å gjelde 1. august, var:

«Kontantstøtte ytes fra og med kalendermåneden etter at rett til kontantstøtte inntreer, til og med den kalendermåned før rett til kontantstøtte faller bort. Kontantstøtte ytes likevel ikke lenger enn til og med kalendermåneden før barnet fyller 2 år.»

Ordlyden i § 8 første ledd som tok til å gjelde frå 1. august, lyder:

«Kontantstøtte ytes fra og med *kalendermåneden retten* til kontantstøtte inntretr, til og med *kalendermåneden retten til* kontantstøtte faller bort. Kontantstøtte ytes likevel ikke lenger enn *til og med kalendermåneden barnet fyller 19 måneder.*»

Endringa av ordlyden i føresegna har vist seg å gi utilsikta konsekvensar, ved at personar med barn i alderen 13 til 19 månadar, frå 1. august 2024 vil ha rett til kontantstøtte òg for same månaden barnet byrjar i barnehage. Dette er fordi ordet «før» er fjerna frå lovteksten i kontantstøttelova § 8 første ledd. Ordninga er med det utvida med ein måned.

Dette inneber ei reversering av lovendringa av 1. august 2022, jf. Prop. 15 L (2021-2022) og Innst. 149 L (2021-2022), kor retten til å få kontantstøtte for same måned som barnet byrja i barnehage, blei oppheva. Innskrenkinga i kontantstøtta av 2022 blei gjort i forlenginga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2021-2022), jf. Innst. 14 S (2021-2022), fordi ein ville unngå at foreldre kunne få offentleg subsidiert barnehagetilbod og kontantstøtte same måned. Endringa frå 1. august 2024 har i tillegg den utilsikta konsekvensen at begge foreldra vil kunne ha rett på kontantstøtte for same måned dersom barnet flyttar mellom dei.

Det har ikkje vore tilsikta å oppheve endringa frå 2022 og å utvide retten til kontantstøtte. Det er av den grunn heller ikkje gjort greie for konsekvensane av endringa i Prop. 43 L (2023-2024). I merknadane til dei einskilde føresegna i Prop. 43 L (2023-2024) blei endringane av ordlyden i kontantstøttelova § 8 grunngeve i å være forenklande, og å skape ein betre samanheng i regelverket. Det vart ikkje teke høgde for at dette ville gje materielle endringar med økonomiske konsekvensar.

Barne- og familiedepartementet blei gjort kjent med dei utilsikta konsekvensane av endringa av Arbeids- og velferdsdirektoratet i brev av 27. mai i samband med deira førebuing av iverksettinga av endringane. Frå om lag midten av juni har departementet arbeidd med å avklare rekkevidda av endringa, kva for grupper som er omfatta av høvesvis tidlegare og nye reglar og omfanget av dei økonomiske konsekvensane av lovendringa.

Om omfanget av dei utilsikta konsekvensane

Det har vore naudsynt å få avklart kven som skal reknast å vere omfatta av høvesvis tidlegare og nytt regelverk. Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet har på førespurnad gjort ei vurdering av skjeringstidspunktet. I og med at dei fleste barnehagebarn byrjar i barnehage i august, har det vore naudsynt å gjere denne avklaringa for om lag 9 000 personar, jf. tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Lovavdelinga har kome til at ein kan leggje til grunn at gruppa som har fått vedtak om kontantstøtte etter tidlegare rett med opphøyr 31. juli 2024, var ute av kontantstøtteordninga per 1. august 2024. Denne gruppa fell då utanfor krinsen av personar som er omfatta av dei nye reglane, og vil då ikkje ha rett til kontantstøtte for august måned om barnet byrjar i barnehage i august. Denne gruppa utgjer om lag 6 000 personar av dei 9 000 ovannemnde.

Barne- og familiedepartementet har overfor Arbeids- og velferdsdirektoratet gjort det tydeleg at kontantstøtte for august ikkje skal utbetalast til personar som hadde fått vedtak om opphøyr av kontantstøtte per 31. juli. Denne utbetalinga ville vore på om lag 45 millionar kroner.

Dei resterande om lag 3 000 personane vil no få utbetalt kontantstøtte for august månad. Denne gruppa omfattar mellom anna personar som har fått vedtak etter nytt regelverk, personar som enno ikkje har meldt frå om barnehageplass og barn som fyller 13 månader i august 2024. Det har ikkje vore mogeleg å stanse desse utbetalingane av praktiske årsaker i tillegg til at einskilde i denne gruppa vil falle inn under nye reglar. Utbetalingar til denne gruppa vil vere på om lag 22,5 millionar kroner.

Om regjeringa si vidare handsaming av saka

Konsekvensane av lovendringa i kontantstøtteleova har ikkje vore tilsikta. Saka er uheldig, og kan bidra til å gjere det uklart for familiar om dei har rett til kontantstøtte. Det er fleire einskilde spørsmål i saka som er uavklarte, og som Barne- og familiedepartementet no arbeider vidare med. Eg vil leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget for å rette opp i dei utilsikta konsekvensane i haust. Regjeringa vil òg leggje fram forslag til eventuell endring av løyving i nysalderinga av statsbudsjettet inneverande år. Eg vil òg vurdere behovet for overgangsreglar for å klargjere rettstilstanden.

Med helsing

Kjersti Toppe